



SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Delegerte vedtak, ref. i formannskapet	28.07.2014	109/14	HARDAG

Søknad om løyve til tiltak - oppføring av fritidsbustad og uthus på Grjotostølen, gnr.5, bnr.73. Tiltakshavarar: Kari Varberg og Asle Øydvin

Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 12.06.2014	Asle Øydvin	Søknad om løyve til tiltak - eitt-stegs søknadshandsaming, Grotestølen, gbnr. 5/73

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå planføresegnene til kommuneplanen sin arealdel med omsyn oppføring eller vesentleg utviding av fritidsbustad i fjellområda over 1000 moh. Dispensasjonen gjeld oppføring av fritidsbustad med uthus for gnr.5, bnr.73.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a) vert det gjeve løyve til riving av delar av eksisterande fritidsbustad og oppføring ny fritidsbustad på Grjotostølen for gnr.5, bnr.73 i samsvar med søknad, men på fylgjande vilkår:

- det skal gjennomførast radonførebyggjande tiltak slik at TEK 10 § 13-5 vert stetta
- reint trevirke kan kappast opp og brukast som ved. Anna bygningsavfall må leverast til godkjent mottak. Kvittering for levering av bygningsavfall til godkjent mottak skal leggjast fram ved førespurnad
- ferdigattest vert ikkje gjeve før det er godtgjort at radonkonsentrasjonen stettar krava i TEK 10 § 13-5
- det skal sendast inn målsette teikningar over uthuset nå dette er reve

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 23-4, 23-5, 23-6 og 23-7 vert ansvarsrettar godkjent i samsvar med søknad

Saka gjeld:

Det er søkt om løyve til tiltak for riving av delar av eksisterande fritidsbustad samt oppføring av ny fritidsbustad på Grjotostølen for gnr.5, bnr.73. Det er ynskeleg å riva delar av eksisterande fritidsbustaden og nytta den attverande delen til uthus. Som erstatning for den eksisterande fritidsbustaden vert det søkt om oppføring av ny fritidsbustad.

Fritidsbustaden ligg på Grjotostølen og er ein av dei fritidsbustadene som er tillaten i Søre Bjoreidalen. Den nye fritidsbustaden har eit BYA lik 60 m² og uthuset får eit BYA lik 20 m². Dette er i samsvar med planføresegnene pkt.6.1.

Det er ynskeleg å riva den eksisterande fritidsbustaden er at den har råteskader grunna neddriving av sno om vinteren og det er ikkje tenleg å vøla denne.

Det vert søkt om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen sine planføresegner for oppføring av fritidshus i fjellområda over 1000 moh, då fritidsbustaden ligg 1028 moh og vert plassert 15 meter sydvest for eksisterande fritidsbustad. I føresegnene heiter det at *Bustad- og fritidshus vert ikkje tillate oppført eller vesentleg utvida i fjellområda over 1000 meter over havet, og i eit 100 meter breitt belte langs vatn og vassdrag. Det heiter òg : På tomter med eksisterande fritidshus er det samla tillate oppført eitt fritidshus med eit uthus for kvar eining. Bygningar kan berre førast opp i ei høgd. Bruksareal for fritidshus kan vera inntil 60m² med tillegg av uthus på inntil 20 m²*

Naboar er dokumentert varsla og det er ikkje kome merknader.

Me trur at sanering av eksisterande fritidshus og oppføring av nytt som omsøkt, ikkje vil redusera kvaliteten i fjellheimen, snarare motsett. Tiltaket er ikkje vurdert i forhold til Naturmangfaldlova då det her er snakk om eit erstatningsbygg på gamle tufter. Då tiltaket ikkje er av nasjonal eller regional interesse, har saka ikkje vert sendt til høyring hjå desse instansane.

Me kan nemna at det har vore gjeve ein liknande dispensasjon i Søre Bjoreidalen tidlegare, men då i ei høgd av 1224 moh. Fullmaktsvedtaket er fatta med bakgrunn i kommunen sitt delegasjonsreglement pkt.12 i sak KST 023/09.

Asle Øydvin har søkt og vert godkjent for ansvarsrett som sjølvbygger, jf. byggjesaksføreskrifta § 6-8

Aud Opheim Lygre
rådmann

Dag Haraldsen
sakshandsamar